

Informasjon.

Laget si heimeside har svart til forventningane. Vert ein jobb med å utnytta inntektspotensialet og vidareutvikla gode redaksjonelle arbeidsformer.

Nedfor følgjer kort samandrag av gruppene sine årsmeldingar.

Gruppene, kort samandrag av årsmeldingane

Fotballgruppa

Medlemstalet i gruppa har vore på ca 245 dette året og styret har hatt 7 styremøte.

De forskjellige nemndene har gjennomført egne møter i tillegg

Har hatt 16 aktive lag, og 6 stk av laga er samarbeidslag med Haus/Fotlansvåg.

I tillegg til seriespel har dei aller fleste laga delteke på Kiwi cup, Bjørnar cup, Lærdalscup, Ål cup, Kvernbit cup, og Bif cup i Danmark.

2007 har vore eit godt sportsleg driftsår. Også sosialt har gruppa lukkast godt.

A-laget hamna rundt midten (7 plass) på tabellen i 5 divisjon med eit svært ungt mannskap av lokale spelarar.

Fotballgruppa har arrangert: 1 halldans, Scoringsklubb, kick off i hallen, avslutning i hallen, ribbecup, 1 lotteri og tur på brannkamp. Halldansen var ikkje suksess med underskot på ca 20.000,-

Fotballgruppa var også med å arrangerte HaFo i lag med Handballgruppa

Fotballgruppa har hatt ansvaret for oppsett av Osterøyserien

Økonomi: Gruppa har ca kr 42.000 i overskot. Dette skuldast god kontroll på utgiftsida og klart seg med færre store arrangement enn før.

Sesongen 2007 har nok også blitt prega av begrensa banekapasitet i nærområdet. Dette har kravd stor tålmodighet og fleksibilitet til spesielt trenarar på alle 11 lar laga.

Prosjektet med ny kunstgrasbane i Fugladalen er satt i gang. Det er laga kontrakt med entreprenør og ein satsar på oppstart i februar 2008 og at bana er ferdig til sommaren 2008

Dette vil føra til at klubben endelig får ei treningsbane og ein felles kamparena for alle laga. Dette reknar me med vil "løfta" klubben i positiv retning

Friidrettsgruppa

Gruppa har i 2007 hatt 203 betalande medlemer.

Styret har i driftsåret 2007 hatt 7 styremøte og handsama 54 saker.

Styret har vore representert på friidrettskretstinget og Friidrettstinget. Gruppa har sentralstyremedlem i Friidrettsforbundet og varamedlem i Kretsstyret.

Glimt frå sportsleg aktivitet sesongen 2007.

Gruppa har hatt 15 trenarar og 2 instruktørar på idrettskulen på Valestrand. 13 trenarar har formell trenarkompetanse. Laget har 31 domarar/startarar.

Gruppa har hatt deltakarar i

- Innandørs-NM for senior i Stangehallen,
- KM i terrengløp i Mjeldalen,
- NM terreng kort løype (3km) i Lyngdal.
- Hovud-NM i Askim.
- Junior-NM i Tønsberg
- KM senior/junior vart arrangert på Hatland i år, og det vart til saman 26 medaljar til Osterøy IL. 16 gull, 8 sølv og 2 bronse. Helga Reigstad fekk bestemannspremien i kast.

Friidrettsgruppa har delteke på ei rekkje stafettar. Både menn og kvinner senior held plassen sin i eliten. Under *NM i banestafettar* på Osterøy vart 4x400m KS nr. 4 av 5 (Gular kom på 5.). Det vart klubbrekord med nesten 4 sek. (4.10,86). På KM vart det gull på 1000m stafett i Menn senior.

I lagserien berga damene plassen i 1. divisjon (landets øverste divisjon)!! Dei kom på 10. plass av 14 lag, slik som i 2006, medan herrane kom på 7. plass i 3. divisjon (mot 6. plass i fjor).

På 200m sette Ida Lampe lagsrekord med til saman 59 hundredelar, på 100m med 3 hundredelar og 60m med 8 hundredelar. I tillegg sette ho banerekord på 200m. Jon Anders Løkkevik sette lagsrekord på 100m med 1 hundredel. Den gamle var frå 1991. Eli Simmenes tok 600m-rekorden på Leikvang 14. juni med 1,26 sekund. 4x400m-laget (Eli Simmenes, Karoline Loftås, Annette Bru og Ida Lampe) sette lagsrekord 26. mai under NM i stafettar på Hatland.

Prisen for *Årets utøvar* i friidrettsgruppa vart Ida Lampe, som tok bronse på 100m i Ungdomsmeisterskapen i Kristiansand, deltok i junior-NM, debuterte i Hovud-NM og sette lagsrekord på 60m, 100m, 200m og 4x400m. *Stimulansepremien* for senior gjekk i år til Hilde Aasheim, som har forbetra seg på alle sine distansar i år, og elles delteke flittig på trening og i konkurransar. Ida Lampe og Bjarte Vik vann seniorklassane i den uhøg tidlege konkurransen "Osterøy IL Friidrett".

For gutar og jenter var 2007 ein fantastisk sesong. Gutane med historisk seier i Eliteserien og jentene nr 2 i 1.divisjon og opprykk til Eliteserien. Fantastiske 50 lagsrekordar vart det i løpet av 2007 sesongen.

På NM for veteranar fylte deltakarane frå OIL opp premieskapet med tilsaman 6 gull, 8 sølv og 4 bronse.

Skigruppa

Styret i skigruppa har hatt 5 møte og handsama 23 saker.

Skigruppa har 150 medlemer.

Frå august har det vore fellestrening tre gonger i veka for 8-12 år og 5 fellestreningar for 13-16 år.

Gruppa har hatt løparar på Hovedlandsrenn ofr 15 – 16 år, på NorgesCup-renn og ungdommens Holmennkollrenn. Gruppa har hatt deltakarar på Vestlandsveisterskapen og på fylkeslaget i stafett. Gutane hevdar seg heilt i toppen på krets nivå, særleg gutar 11 og gutar 15 år.. I snitt har gruppa hatt 20 løparar pr. renn, i lat ca 500 enkeltstartar.

Lysløypecupen har vore arrangert 4 gonger., totalt 100 born og unge deltok.

Lysløypepetraseen er litt lagt om i den nordre delen av "myra". Grøftene er reinska. Maskinpark og løypepreparering har fungert godt.